



Arkivnr: 2014/43-17  
Saksbehandlar: Nils E Grude

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.03.2014
Fylkesutvalet		27.03.2014

## Søknader frå Hordaland fylkeskommune om statlege tilskotsmidlar for 2015 for auka tilgjenge til kollektivtransporten

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune søker om tilskot til tiltak/prosjekt frå den statlege ordninga for tilskot for auka tilgjenge til kollektivtransporten for 2015. Fylkesrådmannen tilrår slik prioritering av søknader for 2015.

- Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.*
- Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet*

Fylkesrådmannen tilrår at eigenandelen for dei tiltaka/prosjekta som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskott til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.

### Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland søker om tilskot frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge:  <ol style="list-style-type: none"><li><i>Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.</i></li><li><i>Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet</i></li></ol>
2.	Fylkesutvalet vedtek at eigenandelen for dei av tiltaka/prosjekt som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskott til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.03.2014

I brev av 22.01.2014 frå Statens vegvesen vert fylkeskommunar, bykommunar og kommunar som er knytt til nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming invitert til å søkje om statleg tilskot for tilgjengeiltak for kollektivtransporten for 2015 (sjå vedlegg). Kommunane i Hordaland som etter retningslinjene kan søkje om tilskot for tiltak i deira byområder er: Askøy, Stord, Os, Fjell, Bergen, Lindås, Voss, Kvam og Odda. Som tidlegare år har ein vidaresendt invitasjonen om å søkje om tilskott til dei aktuelle kommunane, sjølv om dei nok får invitasjonen direkte frå Statens vegvesen.

Fristen for innsending av søknader var sett til 4. april 2014. Kommunane som søker om midlar frå denne statlege tilskotsordninga skal sende kopi av søknaden til fylkeskommunen i det fylket det gjeld, og fylkeskommunen kan innan 15. august 2014 kome med merknader og kommentarar til søknadane til regionvegkontoret.

## Vilkår for søknader for 2015

Som tidlegare år er det krav om ein lokal eigenandel på minst 25 %. Vidare viser Statens vegvesen til at det vil bli gitt prioritering for søknader til:

- Prosjekt / tiltak på trafikkunge strekningar, i knutepunkt og ved sentrale målpunkt.
- Prosjekt / tiltak som byggjer opp under statleg satsing.
- Tiltak på heile reisestrekningar, uavhengig av eigar av infrastruktur / forvaltningsnivå.
- Søkjarar som tidlegare har vist god evne til å gjennomføre eigne prosjekt.
- Søknader der alle krav til søknaden er oppfylt (planavklåring, eigenandel og brukarmedverknad)

Det vert og vist til at tiltaka det vert søkt om tilskot til skal vere realistisk å gjennomføre i tildelingsåret.

## Tildeling av midlar for 2014

For 2014 løyvde staten 22,1 mill. kr som tilskott til kommunesektoren for arbeidet med tilgjenge til kollektivtransporten. Tilskottet for 2013 var 45,8 mill kr.

For 2014 søkte Hordaland fylkeskommune om tilskot til følgjande tiltak/prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kartlegging og prosjektering av universelle utformingstiltak på fylkeskommunale ferjekaier. Kostnad kr. 750.000.
2. Opprusting av 20 sentrale haldeplassar til universell utforming. Kostnad kr 8.000.000
3. Einskapleg informasjon på sentrale terminalar. Kostnad kr 2.000.000
4. Utviding av Skyss sin mobilbillett til alle takstsoner i fylket. Kostnad kr. 1.000.000

I brev av 23.01.14 frå Statens vegvesen vart fylkeskommunen informert om at vi fekk tildelt kr. 560.000 i tilskot til kartlegging og prosjektering av tiltak for universell utforming av fylkeskommunale ferjekaier. Kartleggings- og prosjekteringsarbeidet på dei fylkeskommunale ferjekaiane vert starta opp i løpet av mai-juni 2014.

Ingen andre kommunar i Hordaland søkte om tilskotsmidlar til betre tilgjenge til kollektivtransporten for 2014.

## Søknader om tilskot for 2015 frå Hordaland fylkeskommune

### *Einskapleg informasjon på sentrale terminalar*

Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga ved Skyss søkte og fekk innvilga midlar for 2012 til utarbeiding av informasjonskonsept for skilting og informasjon i sentrumsterminalen. Ein ønskjer no å søkje om midler for vidare utrulling av dette informasjonskonseptet til sentrale knutepunkt i bergensområdet.

Informasjonskonseptet som omfattar både digital og statisk skilting er tatt i bruk på Bergen busstasjon og på Lagunen terminal, og har fått gode tilbakemeldingar. Terminalane ein vil utstyre med det nye informasjonssystemet er Arna terminal, Os terminal, Straume terminal og Kleppestø terminal.

Prosjektet planlegges utført gjennom to faser, planleggingsfasen og gjennomføringsfasen. Skyss ønskjer oppstart på prosjektet første kvartal 2015, og gjennomføring i løpet av 2015.

Kostnadane for tiltaket er berekna til kr. 1 000 000,-. Det vert søkt om kr. 750 000,- fra tilskotsordning for universell utforming og tilgjengeiltak, og det vert budsjettert med kr. 250 000,- i fylkeskommunale midlar.

#### *Opprusting av 8 større haldeplassar*

Hordaland fylkeskommune har som målsetning at haldeplassar for kollektivtrafikk i Hordaland skal ha eit mest mogleg uniformt utsjåande. På fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård hovedgård på Laksevåg er haldeplassane i særskildt dårlig stand. Dei aktuelle haldeplassane har mange reisande og ligg i eit område med høg kollektivandel (sjå vedlagt søknadskjema). Ein ønskjer difor å søkje om midler til å oppgradere følgjande haldeplassar på begge sider av fylkesvegen til universell utforming; Holen, Laksevåg senter, Laksevåg og Damsgård hovedgård. Vedlagt følgjer bilete som viser nosituasjonen.

Statens vegvesen oppgraderer no Fv 582 mellom Nygård og Lyngbø med nye fortau og sykkelfelt og universell utforming av busshaldeplassane. Med opprusting av dei fire haldeplassane ein no søker om tilskott til vil strekninga frå Nygård til Damsgård hovedgård få ei samanhengane og heilskapleg løft.

Kostnadane for opprusting av dei fire tosidige haldeplassane er kostnadsrekna til 4 mill. kr og det vert budsjettert med 1 mill. kr i fylkeskommunal eigenandel.

#### **Brukarmedverknad**

Allereie før det var kjent at det kunne søkjast om statleg tilskot for tilgjengeiltak for kollektivtransporten 2015 ba samferdselsavdelinga brukarorganisasjonane (Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFMF), FFO-Hordaland og SAFO-Vest) om innspel til kva ein prioriterte av tiltak. Organisasjonane viste til at ein fortsatt måtte satse på kartlegging og prosjektering av universelle utformingstiltak på fylkeskommunale ferjekaier, opprusting av sentrale busshaldeplassar, betre tilgjenge for mjuke trafikantar i trafikknutepunkt, einskapleg informasjon på terminalar og utviding av mobilbillett til resten av fylket.

Samferdselsavdelinga meldte i brev av 24.02.14 til brukarorganisasjonane at fylkeskommunen hadde fått tilskott til kartlegging og prosjektering av ferjekaier, og at Hordaland fylkeskommune for 2015 ville søkje om tilskott til oppgradering av namngitte busshaldeplassar på Laksevåg og einskapleg informasjon på dei største terminalane. Samferdselsavdelinga har pr 07.03.14 ikkje mottatt reaksjonar frå brukarorganisasjonane på brevet av 24.02.14.

#### **Fylkesrådmannen si tilråding til prioritering av søknadane frå Hordaland fylkeskommune og finansiering av eigenandeler.**

Fylkesrådmannen tilrår følgjane prioritering av søknadane frå Hordaland fylkeskommune:

1. *Opprusting av 8 større haldeplassar på fylkesvei 582 på strekninga frå og med Holen skole til og med Damsgård.*
2. *Einskapleg informasjon på sentrale terminalar i Bergensområdet*

Fylkesrådmannen tilrår at eigenandelen for dei tiltaka/prosjekta som Hordaland fylkeskommune får eventuelle tilskott til vert dekt over fylkesvegbudsjettet.